



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2350 - 18/10168

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
25.06.2018

Byggesak gbnr 25/14 mfl Haugland - naust, kai, flytebryggje og parkeringsplass for gbnr 25/2 og 25/17 - melding om vedtak

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 14.06.18 der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå arealføremål hamn i sjø og byggegrense mot sjø for etablering av flytebryggje.

Grunngjevinga for vedtak går fram av saksutgreiinga.

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål hamn i sjø, byggegrense mot sjø og føresegna pkt. 3.1.3 til naustområdet for oppføring av kaifront på 2 x 12 meter.

Grunngjeving for vedtaket er at omsynet bak arealføremåla ikkje vert vesentleg sett til side. I vektinga av fordelar og ulemper har utvalet lag avgjerande vekt på tryggleik, tilgjenge og vedlikehald av naustet.

Kommunen har ikkje teke stilling til søknad om parkering då tiltaket krev dispensasjon frå plankrav og slik dispensasjon ikkje er søkt.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det

gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesak Gbnr 25/14 m.fl Haugland (Akstadneset) - naust, kai, flytebryggje og parkeringsplass for gbnr 25/2 og 25/17 - dispensasjon frå arealføremål hamn og kommunalt fastsett byggegrense mot sjø

Situasjonskart

Situasjonskart

Byggesak Gbnr 25/14 m.fl Haugland - søknad om løyve - naust - parkeringsplass - tilleggsopplysningar

Byggesak Gbnr 25/14 m.fl Haugland - søknad om løyve - naust - parkeringsplass - søknad om dispensasjon

Uttale - Radøy - Gnr 25 bnr 14 mfl - Haugland - naust - kai - flytebryggje og parkeringsplass - Dispensasjon

Byggesak Gbnr 25/14 m.fl Haugland - søknad om løyve - naust - parkeringsplass - dispensasjon - merknad

Statens Vegvesen

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Hammar - kameratane A/S

Postboks 7310
Hella 60

5020
5936

BERGEN
MANGER